



## Kontrollutvalet sin rapport for 2024

I tråd med NIF sin lov § 2-12 gir kontrollutvalet i AL IL følgjande rapport.

Kontrollutvalet si oppgåve er å sjå til at:

- idrettslaget sine midlar er brukt i tråd med lover og reglar.
- idrettslaget sine midlar går til dei aktivitetane som laget/årsmøtet har bestemt.
- alle økonomiske disposisjonar er i samsvar med idrettslaget sin eigen lov.
- idrettslaget har økonomisk kontroll internt.
- årsrekneskapen og rapportar gir eit rett bilde av idrettslaget sin drift.

Rekneskapen er ført av felles regnskapsfører for hovudlag og undergrupper og er ferdigstilt i god tid.

Kontrollutvalet har kontrollert resultatrekneskap og balanse for hovudlaget og alle undergrupper. Forvaltning av ressursar og økonomistyring ser ut til å vera tilfredsstillande, midlar ser ut til å bli nytta i samsvar med lover, vedtak, løyvingar og økonomiske rammer.

### Følgande handlingar er utført:

Gjennomgang av tilsendte protokollar for årsmøtet og styremøte. Møter med rekneskapsfører og revisor. Styrets årsmelding og årsrekneskapen for 2024 er gjennomgått.

### Merknad til forvaltninga av idrettslaget:

Kontrollutvalet kan ikkje sjå at det finns ein samla oversikt over kven som har tilgang til laget og undergrupper sine bankkonti, samt kven som har administrasjonsløyve i banken. I tillegg må det foreligge dobbeltfullmakt på samtlige av laga og undergruppene sine bankkonti. Øvrig forvaltning av AL IL har vore på ein god måte. Basert på tilgjengelege materiale er det ikkje grunnlag for ytterlegare merknad ut over det som kjem fram av denne rapporten.

### Merknad til framlagt rekneskap:

Balansen syner at AL IL har store eigendelar og god likviditet, men det er stor variasjon mellom ulike undergrupper. Balanserekneskapen gir eit godt bilde på AL IL sine verdiar og gir godt underlag for å vurdere AL IL sin stilling og resultat.

AL IL har god økonomi, eigenkapitalen er kr. 8.435.564,- og samla gjeld syner kr. 1.315.297,-. Laget har ryddig og oversiktleg rekneskapsføring.

### Konklusjon:

Kontrollutvalet kan tilrå at årsmelding og årsrekneskap for 2024 blir godkjent av Årsmøtet.

Al 17.mars 2025

Anders Bekkestad

Inge Ragnar Gåsterud